



Tingvoll, 11.1.2023

Herøy kommune  
[postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no)

## Dispensasjonssøknad- turveg - Leikong

Vi viser til dykkar ref. 19/10790.

Statsforvaltaren har i vedtak 15.6.2022 gjort om Herøy kommune sitt vedtak på ein liknande søknad.

Statsforvaltaren seier i si avgjerd at

- Tiltaket i denne saka gjeld opparbeiding av ein turveg med 1,2-1.5 meters breidde og eit toppdekke av grus. Turvegen fell ikkje innanfor LNF-føremålet. Størstedelen av turvegen krev såleis dispensasjon frå LNF-føremålet.
- Ein turveg vil gi ei fysisk tilrettelegging i eit relativt urørt naturområde som er del av eit større samanhengande naturområde. Det er jamn stigning på terrenget der turvegen skal gå, og turvegen vil bli godt synleg i landskapet. Inngrepet vil endre naturområdet sin karakter.
- Slik Statsforvaltaren ser det, er det tungtvegande omsyn som tilseier at fysiske tilretteleggingstiltak for friluftslivet må skje gjennom avklaring i overordna plan og ikkje gjennom dispensasjon. Når det gjeld friluftslivinteresser og tiltak som kan påverke desse, er det svært viktig at det leggst til rette for opne og grundige prosessar der ålmenta får høve til å medverke.
- Som vist til ovanfor under drøftinga av «vesentlegheits-vilkåret», meiner vi det utgjør ei ulempe ved dispensasjonen at det ikkje er avklart gjennom overordna plan korleis ein ønskjer å tilrettelegge/utvikle for friluftsliv i kommunen. Ei dispensasjonsvurdering vil berre avklare den konkrete saka, og det kan bidra til ei uheldig bit-for-bit-utbygging. Vi vurderer ulempene knytt til dette som tungtvegande.

Konklusjonen til Statsforvaltaren:

*“Etter ei konkret og heilskapleg vurdering finn vi at fordelane ved ein dispensasjon ikkje kan seiast å vere klart større enn ulempene. Det andre dispensasjonsvilkåret er såleis ikkje oppfylt. Kommunen har då ikkje høve til å gi dispensasjon.”*

Vi har gått gjennom den nye søknaden. Følgjande føresetnad er endra sidan sist handsaming:

- Naturundersøkinga til Karstein Stalheim er supplert med ei kartlegging utført av Natur og samfunn i 2022. Arealet er no kartlagd med NiN-metodikken. Bortsett frå eit lite areal lengst mot vest, er alt arealet innanfor influensområdet funnen å vere kystlynghei med høg kvalitet. Endringa består i at det no er slått fast, og ikkje lenger er ei antaking – arealet i området er kystlynghei.

Når det gjeld overordna plan har Herøy kommune framleis arealdelen til kommuneplan i den versjonen som blei vedtatt i 2014.

### **Konklusjon**

Den nye søknaden er ikkje vesentleg forskjellig får det som er handsama tidlegare. Vi ser ikkje at den nye søknaden kan føre til noko anna vedtak enn det Statsforvaltaren kom fram til i sitt vedtak på klaga. Vi ber Herøy kommune avslå søknaden utan at det blir bruka meir ressursar på saka.

Med helsing

Øystein Folden  
Fylkessekretær

Kopi: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal